



❖ dsb Brann- og redningsskulen

Fagskulestudiet Brann, redning og
samfunnstryggleik

❖ dsb Brann- og redningsskulen

Mot til å tote – kunnskap til å handle

www.brsk.no

V02 januar 2023

I 2024 opnar fagskulestudiet Brann, redning og samfunnstryggleik. Etter ei toårig grunnutdanning på heiltid, blir du kvalifisert til å jobbe med beredskap, førebyggjande brannvern og som operatør på ein 110-sentral (naudmeldesentral).

Gjennom praktisk og teoretisk opplæring lærer du alt du treng for å gå rett ut i jobb!

Kva er nytt?

Per i dag er det ikkje krav om noko spesiell utdanning for å få jobb i brann- og redningsvesenet. Dei fleste som søker jobb, har yrkesfagleg utdanning (fagbrev) frå vidaregåande skule. Etter tilsetjing, får ein internopplæring hos brannvesenet, nettkurs og eit åtte vekers grunnkurs ved Brann- og redningsskulen.

Når den nye utdanninga opnar i 2024, blir det ein heilt ny måte å utdanne brann- og redningspersonell på. I framtida må du ta denne utdanninga før du kan sökje jobb som konstabel i beredskapsstilling på heiltid.

Kven passar yrket for?

Brann- og redningsyrket er særskilt variert. Enkelt forklart består det av tre hovudområde: førebygging, naudmeldeteneste og beredskap. Altså å hindre at det oppstår brannar og ulukker, sørge for varsling og nødvendige ressursar, og redde liv og verdiar.

I brannyrket må du kunne handtere mange ulike situasjonar og hendingar. Du møter menneske av alle slag og i alle livssituasjonar – ofte når dei har det vanskeleg.

Det er stort mangfold i folkesetnaden, og difor bør også brann- og redningsvesenet ha tilsette med variert bakgrunn og ulike erfaringar. Brannyrket er ein jobb som betyr mykje for samfunnet, og der du gjer ein viktig innsats for andre.

Korleis blir utdanninga?

Hovuddelen av undervisninga vil vere lagt til Brann- og redningsskulen, som har topp moderne undervisningslokale, øvingsfelt og øvingsobjekt. Brannstasjonen til skulen, som er eit avansert klasserom, vil stå sentralt i undervisninga.

Studentane skal lære om førebyggjande brannvern gjennom tilsyn, og ved å jobbe mot dei som er mest utsette for brann. Dykk skal blant anna trenere på brannsløkking, og på redning ved trafikkulykker eller om bygningar rasar saman. I tillegg skal dykk lære om korleis ein mottek nødsamtaler og sender ut ressursar for å hjelpe dei som er i nød.

Teori og praksis blir tett samanvevde. Du kjem ikkje til å sitje time etter time i klasserommet, men blir fort send ut på øvingsfeltet for å trenere på det du har lært. I løpet av studiet tek du sertifikat for lastebil og uthykkingskøyretøy. Du skal også i praksis hos eit brann- og redningsvesen og ein naudmeldesentral i eit halvt år.

Skulen ligg i Tjeldsund kommune, mellom Harstad og Narvik.

Kva skal til for å kome inn?

Du kan sökje opptak på grunnlag av vitnemål frå eit av dei studieførebuande utdanningsprogramma eller eitt/fleire av 121 utvalde fagbrev/sveinebrev. Det er også mogleg å sökje på grunnlag av realkompetanse.

Du må vere i god fysisk form, og du må gjennomføre fysiske testar som del av opptaket. Du blir også testa i symjeferdigheiter, toleranse for høgde og klaustrofobi.

Korleis kan eg sökje?

Søknad og opptak til fagskulestudiet Brann, redning og samfunnstryggleik skjer gjennom www.samordnaopptak.no. Følg med på www.brsk.no for oppdatert informasjon om søknadsprosess, opptakskrav og fristar.